

ÅRSMELDING FOR HAREID IL TRIM – arbeidsåret 2024

Gruppeårsmøtet vart halde torsdag 7. mars 2024 i møteromet på Hareid klubbhus. Tilstades: Bernhard Harkjerr, Gunn Bente Drevland, Andreas Moldskred, Odd Elvanes, Hildegunn Thomassen, Leiv Arne Grimstad og Jan Morten Nilsen.

Bernhard Harkjerr vart vald til møteleiar.

Leiv Arne Grimstad vart vald til referent.

Andreas Moldskred og Gunn Bente Drevland vart valde til å skrive under møteprotokollen (gruppeårsmøte-referatet).

Ettersom trimgruppa ikkje har eigen kasserar presenterte Bernhard Harkjerr rekneskap og budsjett. Som tidlegare vart det kommentert at gruppestyret har lite oversikt, men rekna med at revisorselskapet BDO hadde kontrollen.

VAL AV NYTT STYRE OG VALNEMND:

Ein visste før gruppeårsmøtet at det kom til å bli vanskeleg å få ny leiar etter at Bernhard Harkjerr no gav seg etter 12 år som leiar. Valnemnda v/ Leiv Arne Grimstad og Hildegunn Thomassen fekk tilslutning til følgjande styre:

Gunn Bente Drevland, nestleiar - nye to år

Leiv Arne Grimstad, sekretær - ikkje på val

Andreas Moldskred, styremedlem - nye to år

Hildegunn Thomassen, styremedlem - ikkje på val.

Jan Morten Nilsen (NY), styremedlem - vald for to år.

Varafolk: Irene Fjelle – nye to år og Odd Elvanes – ikkje på val.

Valnemnd: Etter framlegg frå Bernhard Harkjerr vart styret utnemnd til valnemnd.

Til slutt under gruppeårsmøtet vart leiar Bernhard Harkjerr takka av etter 12 år som gruppeleiar.

Nestleiar Gunn Bente Drevland overrekte ein blomsteroppsats og takka for ein strålande innsats og god leing av gruppa. Ettersom det ikkje lykkast å få nokon til å ta på seg leiarvervet, måtte gruppa halde eit ekstra konstituerande møte før årsmøtet i hovudlaget. På dette møtet sa Gunn Bente Drevland ja til å vere leiar i gruppa. Hildegunn Thomassen tok då over som nestleiar. Styre elles som vedteke på gruppeårsmøtet.

ÅRSMELDING FOR ARBEIDSÅRET 2024

Styret har i løpet av året hatt 4 vanlege styremøte + gruppeårsmøte + premiefest for fjellorienteringa/fjelltrimmen. 18. januar vart det halde møte med tanke på å førebu gruppeårsmøtet. Gunn Bente lufta eit forslag om at fjellorienteringa i år burde ha 5 «superlette» postar.

Gruppa sin hovudaktivitet dette året har som åra før vore fjellorienteringa. I møte 12. mars (i samband med konstituering av styret) vart det peika ut 27 plassar som kandidatlar til 25 postplasseringar. Nytt av året var at vi ville bruke begge sidene av kartet. Det vart også presisert at vi skulle legge vekt på å stimulere fleire småbarnsfamiliar til å delta, d.v.s. ha fleire enkle postar.

Samtidig vedtok styret å gå vidare med den skiltingsplanen som Andreas Moldskred hadde utarbeidd - med søknad om tilskot og utplassering av 14 skilt og 6 stolpar i løpet av året. Planen vart gjennomført i løpet av året.

I neste styremøte 11. april vart det endeleg vedteke kvar dei 25 postane skulle stå – og kvar enkelt i styret fekk tildelt sine postar for utplassering. Postane var ute i god tid før sal av kart starta kring 1. mai.

Hildegunn sørger for kartgrunnlag, medan Gunn Bente fekk trykt opp 315 kart, som så vart lagt ut for sal (kr 100,-) i butikkane. I år vart det også utført resirkulering på ein god del krystallar. Vi fekk Furene til å lage plakettar, som så vart limt på krystallar som vi hadde til overs. Utgiftene til innkjøp av premiar vart dermed litt mindre enn før.

Neste styremøte vart halde 25. september. Før det hadde Leiv Arne og Andreas delteke under Hareid sokn si friluftsgudsteneste i Alskleiva den siste søndagen i august.

Septemberstyremøtet var også eit førebuande møte til premiefesten for fjelltrimmen, som var tidfesta til torsdag 21. november. Det vart vedteke at postane skulle stå ute til og med søndag 20. oktober.

På premiefesten var det i år svært godt framsmøte, såkalla «stinn brakke» på klubbhuset. Denne gongen hadde vi eit nytt påfunn. Alle til og med 15 år fekk levere inn ein lapp med namnet sitt på. Deretter vart det trekt ut to namn, Jørund og Gudmund, som får den ære å stå på kvar sin post i 2025. Etter at innleveringsfristen for karta var over, hadde 167 personar levert inn. Det var ein auke på 13 frå same tid året før. Vi reknar med at det totalt sett vart selt 250 kart.
Og her er krystall- og pokalvinnarane 2024 pluss dei som vann dei 6 gåvekorta (a kr 500,-):

KRYSTALLAR (til og med 15 år):

A-krystall: Gudmund Gryt, Gulliver Gryt, Katharina Hohfeldt-Neset, Andreas Midtflø Moldskred, Dorthea Midtflø Moldskred, Alida Jonsrud Rise, Leander Jonsrud Rise, Tobias Jonsrud Rise og Robin Slettevoll.
B-premie: Liam Flemming, Vilde Slettevoll, Anna Linnea Holme Juliussen, Eline Juliussen, Johan Lien Kleppe, Lykke Marie og Vilja Jenny Kreka-Rise, Olavius Midtflø Moldskred, Olav Hjørungdal Pilskog, Aslak Ringstad-Moldskred, Olai Ringstad-Moldskred, Olav Rovde, Paul Rovde, Brodd Grimstad Bjåstad, Eskil Grimstad Bjåstad, Frikk Grimstad Bjåstad, Erling Vatne Eriksen, Ingebjørg Vatne Eriksen, Jørund Vatne Eriksen, Vivian Gierz, Theo Dimmen Haraldsvik, Ian Birkhol Hjelmtveit, Cassandra Birkhol Hjelmtveit og Mia Hoddevik.

POKALAR (kvart femte år):

25 år: Signe Herborg Jordal Bjåstad og Gunn Brandal Røyseth.

15 år: Dagny Vartdal, Bjørnar Veddegjerde, Trond Ellingsen, Kjell Dimmen, Oddveig Håbakk, Inger-Anne Karlsbakk, Oddbjørn Karlsbakk, David Levi Karlsen, Åge Elias Karlsen, Margrethe Longva og Jarle Ringstad.

10 år: Tobias Jonsrud Rise, Leander Jonsrud Rise, Alida Jonsrud Rise, Beathe Pilskog Holstad, Sigrid Brandal Drevland og Nancy Bergseth.

5 år: Bjørn Bjåstad, Erling Vatne Eriksen, Oddrun Vatne og Rudi Mikael Slettevoll.

* I den spennande og populære uttrekkinga av seks gåvekort vart desse vinnarar: Erling Hareide, Elisabeth Riise Pedersen, Hege Sandnes, Arne Kåre Topphol, Tobias Jonsrud Rise og Nancy Bergseth.

Frå årets hendingshjul kan også nemnast at det har vore snakka lausleg om å få til ei sommarvandring Flø-Kvitneset. Men i år fekk vi det ikkje til. Trimgruppa har også merka seg eit innspel frå «Vekst i Hareid» om å få til noko a la «Midsundtrappene» her i kommunen, t.d. «Melshorntrappene frå Overå». Trimgruppa har – for sin eigen del - ikkje valt å gå vidare med dette. Andreas Moldskred har sørga for vedlikehald og fornying av fjellpostane.

LAG, sekr. 5. mars 2025

Referat gruppeårsmøte i Hareid IL Trim onsdag 5. mars 2025 kl. 18 på klubbhuset

Tilstades: Gunn Bente Drevland, Leiv Arne Grimstad, Hildegunn Thomassen, Trond Are Thomassen, Andreas Moldskred, Irene Fjelle og Jan Morten Nilsen.

Etter opprop vart leiar Gunn Bente Drevland vald til møteleiar.

Leiv Arne Grimstad vart vald til referent.

Hildegunn og Trond Are Thomassen vart valde til å skrive under protokollen.

Leiv Arne las årsmeldinga, som vart godkjend.

Gunn Bente la fram dei rekneskapspapira ho hadde skaffa fram. Som tidlegare er det på grunn av det som årsmøtet oppfatta som misplasserte føringar vanskeleg å vite kva som er samla under dei ulike postane. Årsresultatet vart på + 14.295 kroner. Bankutskrifta per 5/12 2024 viste ei behaldning på kr. 125.579,41.

VAL for arbeidsåret 2025:

Leiar: Gunn Bente Drevland (1 år)

Nestleiar: Hildegunn Thomassen (2 nye år)

Sekretær: Leiv Arne Grimstad (2 nye år)

Styremedlem: Andreas Moldskred (ikkje på val)

Styremedlem: Trond Are Thomassen (NY, 2 år)

Varafolk: Odd Elvanes (2 nye år) – Irene Fjelle (ikkje på val).

VALNEMND: Styret.

Hildegunn Thomassen

Trond Are Thomassen

Hildegunn Thomassen

Trond Are Thomassen